Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 | Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hattfjelldal

Emne: Helsing, fakter og åtferd | Bygdelag:

Oppskr. av: M. Bakken | Gard: Åkervik

(adresse): H.dal Hattfjelldal | G.nr. 74 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Etter eiga röynsle og etter det gamle folk her i bygda fortalde då eg var ung.

1 Nikk med hovúde og fast handtrykk fylgjer med „ja." Riste på hovúdet og slapt handtrykk fylgjer med nei.

2 Born når det kom framande til gards, helsa dei på alle som högrde garden til.

3 Råka ein framande burte frå heimen, helsa dei altid fyrst som hadde reist lengst.

4 „Go mårn," eller „go dag," etter som det var liden på dagen.

5 Prest og embetsmenn vart vist större æra enn andre, når ein mötte slike, tok ein altid til hatten eller „huva."

6 ?

7 Nei.

8 Var det slektningar eller kjenningar som budde langt unna, handhelsa dei ofte på alle i huset, gjerne med ein liten klapp på „akslá."

9471

2

9 Ja.
10 Dei stod berre og høyrde på til ringinga var over.
11 Ein tok altid av seg hatten med dei for forbi.
12 Nei.
13 Til Kl. 9 fm. sa ein „go mån," ved helsing frå 9 f.m til 5 em „go dag," og seinare var det „go kvell". „Farvel." var brukt til Kl 5 e.m og „go natt," etter, ved avskil.
14 Gamlekarane heldt det for usømeleg med feil helsing, og sa ein slike „Datta va då rettele-n heimfaeng." Nø er det
16 då vanleg å seia „morn," bådde i tide og utide.
17 „Fre på huse," „segn arbeie." og „segn maten. brukte altid dei fyrste som kudde her å seia.
18 Når det galdt „Fred," vart det svara: ~~Fred~~ „Fren go." og når det galdt „Signe." svara dei „Takk."
19 Sjølvsagt skal han helsa.
20 Dei sa kva dei ville han.
21 No bankar dei altid på; men det gjorde dei aldri for hundre år sidan.
22 No blir det ofte svara berre „ja." fyrr brukte dei „Kom inn," eller „Håpp åver,"
23 Ja.
24 Han tok hatten ~~av~~ då dei bad han setja seg.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
9471

Førsteblad

3

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke:

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Emne: Helsing, fakter og avskild

Bygdelag:

Oppskr. av: M. B.

Gard:

(adresse): H. dal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

25. „Sjå å få set."

26. Ja, t. d. prest og embetsmenn.

27, 28, 29, 30: Ikkje noko særlege sermoniér her.

31 a. „Lökko på reisa."
b. „Vårherre va med de."

32 Nei

33, 34, 35, 36, 37, 38: Det kann henda at kjærasteifolk og nygifte kyste einannan i löynd; men kyssing var ikkje offentlig her.

39 Jau dei bytte då nase med småborn.

40 og det hadde alle vaksne höve til.

41 Ja, og så heldt du tommen millom peike og lang fingeren og viste du, og så sa du: „No ha e snytt de på svensk."

42 Ja, dei brukte å „gi kvarannen gökjeke."

9471

43 „Gokjeke," vart brukt som kjærleikn millom foreldre og born og andre vaksne og born, og millom gutar og gjentor. „Nå gluntan gjekk på bygda åt tausn, å nå di låg i la me di."

44 „Te lökken," vart brukt i jula og ved andre högtider, og når nokon hadde gjort deit rettleg godt på eit eller anna vis.

45 „Ja du må no va telökken me." - - - - -

46 Ein tok i handa på den som hadde sorg, og synte seg sorgsam og alvorleg.

47 Ein handtakka og sa: „Mangen takk, store takk ~~og~~ å tusn takk."

48 Ein kunne halda ein liten tale ~~over~~ den avlidne og takka han gjennom den.

49 Ved å gjera seg stram, visa ei overlegen maske og ikkje sjå på vedkomande.

50 „Du," til grannar og kjenningar, „Dåkker," til presten. og „I," hell „Dr." til gamle folk.

51 „Hann," hell „Ho," kann stundom bli brukt for å visa vyrdnad.

9471

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING